



## Referat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Tysdag 22. oktober 2019  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Møtenr.:** 7/2019

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskilt innkalling.

### Faste medlemmer som har møtt:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Rasmus Fitjar	Nestleiar <b>NB! Ord for dagen</b>
Helga Olsen Aadland	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Gunvald Aarbø	Medlem
Roald Drønen	Sokneprest
Sigurd André Maraas	Kommunal representant

Jan Overweg Fung. kyrkjeverje

### Forfall:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Sindre Aarbø	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem

### Varamedlemmer som møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Aase Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem

### Varamedlemmer som ikkje møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant



**Sakliste:**

<b>Saksnr.</b>	<b>Tittel</b>	<b>Sak for kommunal representant</b>
----------------	---------------	--------------------------------------

S-42/19	Budsjett for 2020	x
S-43/19	Referat frå sist møte	x
S-44/19	Meldingssaker	x
S-45/19	Open post	x
S-46/19	Arrangement i kyrkja sin regi	

**S-Sak 42/19: Budsjett for 2020**

**Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet sender budsjettframlegget vidare til kommunen med dei presiseringane som kom fram i møte:.

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

**Behandling i Fitjar sokneråd 22. oktober 2019:**

Fung. kyrkjeverje gjekk gjennom kommentarane til budsjettframlegget og svara på spørsmål frå medlemmane i sokneråd/fellesråd. Sidan dette er siste møtet i det gamle soknerådet så overlet ein til det nye soknerådet å leggja opp ein plan for frekvens for regulering av festeavgift. Det kom nokre kommentarar til budsjettet i møtet, jfr. vedtak.

**Vedtak (samrøystes):**

Fellesrådet sender budsjettframlegget vidare til kommunen med dei presiseringane som kom fram i møte:.

1. Pkt. 4. under «Budsjettet byggjer m.a. på desse føresetnadane» endrar ein følgjande: Soknerådet legg i dette budsjettet ikkje opp til at det skal gjennomførast større endringar i kyrkja sin aktivitet som rører ved behovet for kommunal tilskot i 2020.
2. Obs. reknefeil i prosent for stillingar i administrasjon. Summen skal vera 2,90%
3. Sokneråd/fellesråd ynskjer å ha med i tabellen stillingprosenttal for klokkar og kyrkjetenar sjølv om dei jobbar frivillig. Stillingane utgjer 40% til saman.

**S-Sak 43/19: Referat frå sist møte**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfestar referatet frå møte den 25.09.2019.

**Behandling i Fitjar sokneråd 22. oktober 2019:**

Referatet frå møte den 25. september vart etter møtet sendt til medlemmane for godkjenning. Det endelege referatet vil verte lagt ut på kyrkja si heimeside.

**Vedtak (samrøystes):**

Som framlegg.



**S-Sak 44/19: Meldingssaker**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering

**Behandling i Fitjar sokneråd 22. oktober 2019:**

I møtet blei det orientert om desse sakene:

1. Prostidag 24. oktober på Bremnes  
Tema er diakoni. Kyrkjekontoret samordnar påmeldinga. Ein ordnar seg med samkøyring.
2. Den administrative kabalen på kyrkjekontoret fram til nyttår  
Elisabeth Søndena Oma skal jobba ein dag i veka ut året. Det nye soknerådet må så snart som mogeleg få utlyst ei 40% stilling til administrasjon med tilsetjing frå 01.01.2020.

**Vedtak (samrøystes):**

Som framlegg.

**S-Sak 45/19: Open post**

Julefest for det nye og det gamle sokneråd/fellesråd v/ Per Drønen

Tidligere kyrkjevevje har bestilt Peralø 5. desember. Tidspkt. vert Kl. 19.30. Soknerådsleiar vil samsnakka med Per etter møtet om kva mat som skal serverast. Sigurd André Maraas lagar ein Quiz til festen.

**S-Sak 46/19: Arrangement i kyrkja sin regi**

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

**Behandling i Fitjar sokneråd 22. Oktober 2019:**

Avskjed for kyrkjevevje Harald Rydland

Det vart lagt flott til rette for ei god avskjed og takk for arbeidet Harald har gjort som kyrkjevevje i 6 år under gudsteneste 13. september. Det var og eit flott avisoppslag om dette i Dagen 15.september.

Gudsteneste med utdeling av 4 års boka

Det blei ei veldig kjekk gudsteneste som vert avslutta med pizza.

Temakveld

Det vart ein veldig bra konsert med Bratland og Kleive.

Salmekveld

Sjølv om det ikkje er så mange som møter opp. så får salmekvelden god tilbakemelding. Dei som kjem er aktive og kjem med salmeforslag så det vert kjekt og koseleg å vera der.

**Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet tek tilbakemeldingane om aktivitetane i kyrkja til orientering.



DEN NORSKE KYRKJA  
Fitjar sokn

**Signering:**

**Sekretær** .....

**Leiar** .....